

post@kinn.kommune.no

Førde, 27.04.22

Dette brevet er sendt av Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane, som er eit samarbeidsforum mellom natur- og frilufsorganisasjonar i Vestland med formål å ivareta natur- og frilufsinteresser.

## Innspel til 3. gongs offentleg ettersyn: Kommunedelplan Florelandet - Brandsøy 2022

### Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Viser til at det bes om framlegg til Kommunedelplan Florelandet – Brandsøy, og at Planid 20200001 har blitt utlagt til offentleg ettersyn i samsvar med PBL § 5-2, § 12-10 og § 12-11. I den samanheng vil FNF Sogn og fjordane sterkt fråråde at det *blir lagt til bustadfelt (B4 Kyråhola), og bustadfelt B18 (i Botnaholten), i området Storeåsen, som er registrert som svært viktig frilufsområde.*

#### Mykje brukt friluftslivsområde – viktig for folkehelsa

Ifølge dei nye endringane i Kommunedelplanen Florelandet- Brandsøy 2022 har nye kartleggingar endra bruksverdien til dette område B18 i Botnaholten til å ha «svært høg frilufsverdi». Dette er eit område som er mykje brukt av folk og har stor verdi for dei som bur i område, skular, barnehagar og andre. Det er eit område som er lett tilgjengeleg for folk og ein bør vurdere om nytten til dette område som bustadfelt vil kunne samanliknast med å ha eit nærområde som har intakte naturtypar, og motivera til aktiv leik og friluftsliv. Det er viktig å bidra til folkehelsa ved å gjere terskelen for å drive med friluftsliv så lav som mogleg<sup>1</sup>, og B18 Botnaholten er eit område som er direkte tilknytta dei mest brukte turstiane i Florø som går frå krokane til Brandsøyåsen (Vedlegg 1) og bør derfor tas vare på.

#### Barn lærer best i naturen

Området blir og brukt som skuleveg. Dette området har allereie status som svært viktig leike- og rekreasjonsområde, og ein bør ta vare på gode frilufsområde tett på boligbebyggelse som eit ledd i å ta vare på folkehelse og naturmagfald i bybiletet. Det er brukt mykje tid og økonomi på å legge til rette for friluftsliv her, med lyssett, grusa del av sti opp Dyrholtlia (Vedlegg 1). Området blir brukt av folk som bur i område, men er også viktig område for Torvmyrane skule og barnehage, som brukar område i undervisningssamanheng, til leik og rekreasjonsområde. Det at også skular og barnehagar har tilgang på eit slikt natur- og frilufsområde så nære vil gjere det lettare for dei å komme seg ut og bruke naturen som læringsarena på ein tids- og økonomisk effektiv måte. Barn lærer best i naturen<sup>2</sup> og slike frilufsområder bør vere tilgjengelege for barn.



### **Viktige naturtyper – også viktig i bybiletet**

I tillegg inkluderer område viktige naturtyper, som myr. Myr fungerer som karbonlager, og har ein «*flaumdempande effekt*». Dette kan ha betydning for rasfaren mot boligfeltet vest for området som ligger rett under B18 (Vedlegg 2), og er noko som burde bli konsekvensugreia når ein vurderer å omregulere området.

Viser også til at det i tidlegare høyringsrundar er dokumentert at området er av stor betydning som "trekkroute for hjortevilt"<sup>3</sup> (Vedlegg 3, se side 5-6.), og at endring i hjortetrekking kan få negative konsekvensar for andre område som resultat av endra bruk av område B18.

### **Redusere arealbruken**

FNF viser også til at Kinn kommune har vedtatt en "Temaplan for klima, berekraft og naturmangfald" (Vedlegg 4). Der følgende står under punkt: 3.1.4 Perspektiv 4: opptak frå skog og andre arealtyper: "*Kinn skal redusere arealbruken og har oversikt gjennom arealrekneskap. Vi set grenser for nedbygging og forvaltar areala slik at ein tek vare på naturlege karbonlager*". Det er lokalisert myr i området B18, men den er ikke kartlagt, og fjerning/utbygging er ikke konsekvens utredet.

### **Folkeleg engasjement**

Til slutt vil vi også nemne at Administrasjonen i Kinn kommune fraråder nå bygging i området grunnet ny oppdatert konsekvensutredning<sup>5</sup>, sjå side 58 og 59 (vedlegg 5). Dette fremkommer i klartekst i eget notat (vedlegg 6).

Det har vært et folkelig engasjement for å bevare området med flere artikler og leserinnlegg i lokal media, og et opprop som har fått 450 signaturer:

[https://www.opprop.net/nei\\_til\\_omregulering\\_av\\_eksisterende\\_inf\\_omrade\\_i\\_botnaholten\\_til\\_boligbebyggelse](https://www.opprop.net/nei_til_omregulering_av_eksisterende_inf_omrade_i_botnaholten_til_boligbebyggelse)

Det er viktig å ta vare på natur- og friluftsområder, spesielt dei som er mykje brukt og verdsett av folk. Det gir folkehelse å ha naturen lett tilgjengeleg. Naturen i seg sjølv har også verdi, og det er viktig å kunne ta vare på biologisk mangfald og naturtyper, også i bybiletet. Det at folk har valt å engasjere seg for dette området bør vere ein indikator på at dette området er eit gode for lokalsamfunnet og nærmiljøet.

Venleg helsing

**Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane**

---

Ket Fossen  
Koordinator  
FNF Sogn og Fjordane

<sup>1</sup> <https://www.dnt.no/folkehelse/>

<sup>2</sup> <https://forskning.no/barn-og-ungdom-partner-pedagogiske-fag/barn-laerer-best-i-naturen--hvis-de-voksne-folger-opp/1896939>

Vedlegg:

Vedlegg 1: Naturbase faktaark: Kartlagt friluftslivsområde. Botnaholten

Vedlegg 2: Ikkje kartlagt område

Vedlegg 3: Trekkroute for hjortevilt" er dokumentert (Side 5-6.)

Vedlegg 4: Temaplan for klima, berekraft og naturmangfald

Vedlegg 5: Ny oppdatert konsekvensutredning (side 58 og 59)

Vedlegg 6: Notat

